

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

---

Arkivsak : 17/728 -  
Arkivkode: 105

---

Sakshandsamar: Vibeke Øxnevad Stoltz

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 88/17	FORMANNSKAPET	12.12.2017

### SØKNAD OM TILSKOT TIL OPPSETJING AV HEGGLANDHUSA

<b>Vedlegg:</b>	<b>1.</b>	<b>Tilleggsinformasjon on bygningar</b>
	<b>2.</b>	<b>Meldingstekst</b>
	<b>3.</b>	<b>Røykstove</b>
	<b>4.</b>	<b>Materialliste</b>

### SAKSUTGREIING:

Olav og Hilde Mary Laukhamar har søkt Tysnes kommune om stønad på kr 15 000 til oppsetjing av Hegglandhusa på Laukhamar.

I tillegg søker dei Hordaland fylkeskommune om kr 100 000 i tilskot til verna kulturminne. Nytt i år er at slike søknader til fylkeskommunen skal gå via og prioriterast av kommunen. Dette er einaste søknad vi har motteke som skal prioriterast.

Det er to objekt som skal setjast opp på Laukhamar, ei røykstove og eit stabbur frå 1770 som begge opphaveleg sto på Heggland gnr 106 bnr 4. Bygningane vart demontert og gjeve til Tysnes musèlag i 1952. Meininga var at dei skulle førast opp på eit museumstun, men desse planane vart aldri realisert. I 2016 vart bygningane gjeve til Olav Laukhamar for oppføring på Laukhamar. Der driv familien utleige av rorbuar og planlegg å bruke bygningane som del av nærings- og formidlingsverksemda m.a. til kurs og tilstellingar.

I uttale frå bygningsvernkonsulent Bjørn Arve Lunde ved Sunnhordland museum heiter det m.a.

*Sunnhordland museum kjenner til Olav Laukhamar som ein habil restaureringshandverker. Me er difor overtydd om at det er rette person som har fått overta dei verneverdige bygga og vonar han kan bli tilgodesett med turvande midlar frå Fylkeskonservatoren sine «midlar til freda og verneverdige bygg».*

Bygningsvernkonsulenten vi stå til rådvelde for tips og faglege innspel i samband med det føreståande arbeidet.